

Stortingsrepresentantane på Sør- og Vestlandet
Statsministerens kontorDato: 12.09.2016
Vår ref.: 2016/1390-19
Saksbehandlar: hanglop1

Omstillingsutvalet på Sør- og Vestlandet – Innspel til handsaminga av statsbudsjettet 2017

I 2016 etablerte dei seks fylka Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest-Agder og Aust-Agder eit felles samarbeid for å møte utfordringane som følgjer av endringane i petroleumsnæringa på Sør- og Vestlandet. Bakgrunnen for samarbeidet var ei omstillingsløyving frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) på 20 mill. kroner. Målet med samarbeidet er å få til ein samordna og koordinert regional innsats for å dempa dei negative effektane av «oljenedturen». Den overordna styringa av verkemiddelbruken er ivaretatt av ei omstillingsutval som er sett saman av dei seks fylkesordførarane, to representantar frå næringslivet (ein frå arbeidstakar- og ein frå arbeidsgivarsida), ein frå NAV, ein frå IN og ein frå UH-sektoren. I tillegg er det etablert eit administrativt samarbeid mellom dei seks fylkeskommunane, der Hordaland fylkeskommune har sekretariatsfunksjonen.

Som fylgje av situasjonen for næringslivet på Sør- og Vestlandet, ynskjer omstillingsutvalet å gjere stortingsrepresentantane og partia på Stortinget merksame på fleire prosjekt og tiltak som kan bidra positivt til å dempa dei negative konsekvensane av redusert aktivitet og aukande arbeidsløyse. Dette er tiltak som både vil bidra til å behalda verdifull kompetanse i næringa, og tiltak som vil bidra til å omstille verksemder og tilsette som må over i andre bransjar. Nokre av tiltaka krev økonomiske prioriteringar i statsbudsjettet for 2017, og omstillingsutvalet ynskjer i den samanheng å trekkja fram viktige fellessatsingar i regionen.

1. Tiltak for å behalda verdifull kompetanse i leverandørindustrien

Nedgangen i petroleumssektoren har ført til masseoppseiingar i leverandørindustrien, og næringa er i ferd med å mista spisskompetanse som er avgjerande for framtidig utvikling av norsk petroleumsindustri. Denne kompetansen er det strategisk viktig å behalda når stadig meir krevjande områder av norsk- og internasjonal sokkel skal byggjast ut og vedlikehaldast. Under er det peika på tiltak som kan bidra positivt.

1.1 Opning av klargjorte brønner og oljefelt

Det internasjonale energibyrået (IEA) ser teikn til betring av oljemarknaden. Som ein konsekvens av dette bør det setjast i gong aktivitet knytt til Johan Castberg, Snorre, Njord, Troll, Askeladd-feltet og fase 2 av Johans Sverdrup. Dette er klargjorte brønner og oljefelt som er mellombels utsett på grunn av innsparingar. Boring av nye brønner vil gi ny aktivitet, og det er eit samfunnsansvar å få opp olja som ligg der. Desse utbyggingane er også lønsame med dagens oljepris. Særleg er det viktig at Johan Castberg vert bygd ut som planlagt i tråd med Norsok-standardane og tilhøyrande norsk innhald.

1.2 Plugging av gamle brønner

Olje- og energidepartementet bør også utarbeide ein oversikt over kor mange brønner på norsk sokkel som er forlatne, eller mellombels forlatne. Ei undersøking i 2011/2012 rapporterte om 193 mellombels forlatne brønner, nokre av dei så lenge som 30 år. I dag er det ikkje noko offentleg tilgjengeleg oversikt over forlatne brønner. Dette er urovekkjande, særleg med tanke på det som skjedde i etterkant av Deepwater Horizon-ulukka i Mexicogolfen. Dersom det vert sett i gang tiltak for å få oljebransjen til å plugga fleire brønner, vil dette også få opp aktivitetsnivået på sokkelen og avgrensa arbeidsløysa.

1.3 Vedlikehald og modifikasjonsarbeid

I perioden frå 2014 til i dag har Statoil og dei andre store oljeselskapa på norsk sokkel kutta kraftig i kostnadene til vedlikehald og modifikasjonsarbeid (V&M). For leverandørindustrien er effekten av

kostnadskuttet forsterka av lågare oljepris. No kan det sjå ut som om kostnadene i bransjen er kome ned på eit berekraftig nivå, og då er det viktig med politiske signal til oljeselskapa om at det må lysast ut nye V&M-kontraktar for å få bukt med vedlikehaldsetterslepet som har oppstått. Dette vil også gje positiv effekt i form av nye arbeidsplassar i ein bransje som dei to siste åra har gjennomført store nedbemanningar.

1.4 Modernisering av Mongstad-raffineriet

Statoil ynskjer å oppretthalda Mongstad som eit konkurransedyktig raffineri i europeisk samanheng, men oljeselskapet har utsett investeringar på seks milliardar kroner for å modernisere anlegget og gjera det klart for å ta imot olje frå gigantfeltet Johan Sverdrup. Raffineriet feira 40-årsjubileum i fjor og leverte dette året eit rekordhøgt driftsoverskot på tre milliardar kroner. No når kostnadene i bransjen er redusert, samstundes som det er aukande arbeidsløyse i bransjen, vil det vera gunstig å framskunda den utsette investeringa som skal modernisera raffineriet.

2. Krav om bruk av lærlingar i offentlege oppdrag

Offentlege verksemdar har vore for lite flinke til å bruke si innkjøpsmakt til å bidra til fleire læreplassar. Omstillingsutvalet på Sør- og Vestlandet meiner forslaget til nye reglar, som no er sendt ut på høyring, vil vera eit viktig bidra for å retta opp i dette. Innføringa av ny lov og ny forskrift vil sikre at når for eksempel nye skular, vegar eller togstrekningar skal byggjast, så skal jobben gjerast av bedrifter som har lærlingar. Kravet om bruk av lærling må også gjelde for utanlandske leverandører. Lærlingklausulen må gjelda for tenestekontraktar og kontraktar om bygge- og anleggsarbeid i heile offentlig sektor, dvs. statlege, fylkeskommunale og kommunale mynde.

3. Fornyng av ferjeflåten

Snittalderen på ferjene på Vestlandet er over 25 år, og i fleire ferjesamband er det stort behov for betre ferjemateriell. Utrangerte ferjer fører til store problem for næringslivet på Vestlandet, og dei reisande har i ei årrekkja opplevd vanskar med ventetid, innstillingar og trøbbel med regularitet på grunn av gamle ferjer. Langs Vestlandet står det i dag litt for ofte fullasta trailerar med sjømat og ventar på ei ferje som ikkje kjem. I den samanheng har Stortinget bestemt at alle nye offentlege ferjekontraktar skal stille krav om lav- eller nullutslepp. I så måte er det svært positivt at Enova gir støtte til landanlegg for ferjer med lave utslipp av klimagassar. Men ny teknologi på land vil medføra auka kostnader til sjøs, og då er det viktig at det i statsbudsjettet kjem på plass ein eigen finansieringsmodell som gjer at nye ferjer blir tilpassa auka kostnader knytt til nye miljøkrav.

4. Nye kystvaktfartøy og vedlikehald av fregattar

Det er planar om å endra prosjektet «Nytt ytre kystvaktfartøy» frå eitt til tre fartøy i løpet av hausten 2016. Når prosjektet er godkjent av Stortinget vil Forsvarsdepartementet (FD) gi Forsvarsmateriell i oppdrag om å starte anbudsprosessen. Dei nye kystvaktskipa skal handtera både sivil og gradert informasjon, og det skal utførast logistikk og vedlikehald knytt til desse skipa i 30-40 år. Av sikkerheit- og beredskapsgrunnar, og i lys av ein meir spent sikkerheitspolitisk situasjon i Europa, bør dei tre nye kystvaktfartøya byggjast og vedlikehaldast i Norge på skipsverft som allereie er verdslaiande på å byggje høgteknologiske fartøy. På grunn av situasjonen i olje- og gassindustrien er dette eit godt eksempel på ei offentlig anskaffing som kan framskundast for å vidareutvikle vår sterke maritime kompetanse også i ei nedgangstid.

Andre viktige tiltak der Forsvaret kan bidra til å få opp aktiviteten i leverandørindustrien er forlenginga av vedlikehaldsavtalene for fregattane til Marinen. Forsvarets logistikkorganisasjon skal inngå rammeavtale med inntil to leverandører om skipsteknisk vedlikehald av Nansen-klasse fregattar. Rammeavtalen gjeld for fem år, med opsjon for Forsvaret til å forlenge avtalen med inntil to år. Av sikkerheit- og beredskapsgrunnar, og i lys av ein meir spent sikkerheitspolitisk situasjon i Europa, bør også desse avtalene inngåast med norske verft.

5. Tiltak for å utvikla ny kompetanse

Eit oljesmurt næringsliv har det siste tiåret ført til høg sysselsetting, mangel på arbeidskraft og stor arbeidsinnvandring på Sør- og Vestlandet. No går regionen inn i ein periode med svingande oljeprisar og lågare aktivitet i oljesektoren. Olje- og gassektoren vil framleis vera viktig, men redusert aktivitet har auka behovet for å utvikla nye arbeidsplassar i andre næringar og bransjar. **Eit fellestrekk for dei seks fylka er**

behovet for større bevilningar til brukarstyrt forskning og næringsretta infrastruktur for forskning. Dette skal bidra til økt forskning der næringslivet sine behov i sentrum. Når det gjelder infrastruktur for næringsretta forskning er det mange «lokale» initiativ i dei seks fylka. Under er det trekt fram nokre initiativ som vil vera viktige tiltak for å utvikla ny kompetanse:

5.1 Mechatronics Innovation Lab (MIL)

Dette utviklingsprosjektet ved **Universitetet** i Agder (UiA-Grimstad) er viktig for omstilling og fornying innan fleire næringar med tanke på ny teknologi/kompetanse og ny bruk av teknologi. Norge treng moderne maskiningeniørar som har god kunnskap om mekanikk, elektronikk og datateknikk for å få til omstilling og innovasjon. Sentrale element i dette arbeidet er design og dimensjonering av typiske mekatronikkprodukt som industrirobotar, dronar, skrivarar, hushaldningsmaskinar, fjernstyrte undervassfarkostar, borerobotar og kranar samt andre hydrauliske og elektriske reiskap. Målet for MIL er å bli eit verdsløiande senter for innovasjon, pilotering og teknologikvalifisering innan mekatronikk. og er del av den nasjonale infrastruktur for testing av m.a. ny teknologi, robotiserte/automatiserte prosessar og nye materialar.

5.2 Blått kompetansesenter sør

Vestlandet er ein viktig region for både offshore, maritime- og marine næringar. Forskingsmiljø, universitet og høgskular, og næringslivet i Bergensregionen har jobba med å etablere eit blått kunnskapssenter på Vestlandet. Senteret skal samle næringsliv, forskarar og studentar frå maritime- og marine næringar. Tanken er at eit kunnskapssenter skal legge til rette for kompetanseutveksling mellom kunnskapsmiljø og næringsliv. Et slikt samarbeid er et viktig skritt i arbeidet med å bygge en blå økonomi, men for å få prosjektet realisert er det behov for større grad av statleg finansiering.

5.3 Fullskala anlegg for CO2-håndtering

Regjeringa la i budsjettet for 2015 fram ein strategi for det vidare arbeidet med CO2-handtering (CCS) og tilkjenne gav ambisjonar om å realisere minst eitt fullskala anlegg for CO2-handtering innan 2020. Dette arbeidet må framskundast slik at norsk kompetanse innanfor CCS vert vidareført og ledig kapasitet vert utnytta. Eit viktig tiltak i så måte er auka satsing på aktiviteten ved Teknologisenteret på Mongstad (TCM).

5.4 Maritimt Test- og innovasjonssenter på Stord

Wärtsilä har brukt store ressursar på å byggje opp eit senter for «*Electrical & Automation – Testing and Training*». Som følge av utfordringane i bransjen ønskjer no Wärtsilä å endre sitt engasjement i senteret. NCE Maritim CleanTech har tatt på seg oppgåva med å finne fram til nye bruksområde og ny forretningsplan for senteret, og ser for seg moglegeheita for å utvikle senteret og gjere det tilgjengeleg for alle bedriftene i klynga og for FoU-institusjonar. Ei slik satsing vil både vere i tråd med NHO sitt forslag om å etablere og utvikle industrielle innovasjonssentre, og SIVA sitt forslag om katapultsentre. Foreløpige utrekningar viser eit investeringsbehov på vel 55 mill. kroner for å få dette til. For å klare dette løftet vil det vere behov for offentleg finansieringsbistand.

6. Ny, berekraftig industriutvikling

Våre nordiske naboland har lenge med hell arbeida for å tiltrekke seg utanlandske industriinvesteringar. Eit viktig sals-argument har vore den gode tilgangen på fornybar kraft. Sjølv om Sør- og Vestlandet truleg har den beste tilgangen på fornybar kraft i heile Norden, er ikkje dette like godt kommunisert til utanlandske investorar. Landsdelen sitt kraftoverskot vil i 2020 utgjera meir enn 2/3-delar av Norge sitt samla kraftoverskot. Her ligg det eit stort potensiale for ny næringsverksemd, og det bør setjast av midlar for å tiltrekke seg utanlandske industriinvestorar til Sør- og Vestlandet. Ei slik satsing kan bidra til ny næringsutvikling både i eksisterande kraftforedlende verksemdar, og ved å tiltrekke seg nye kraftintensive næringar som datasentre.

6.1 Grøne datasentre og internasjonal fiber.

Datasentre er ei ny næring som er i sterk vekst på verdsbasis, og behovet for sentral datalagring og datahandtering aukar raskt i omfang og utbreiing. Fram mot 2020 er det venta etablering av meir enn 200 nye, store datasentre i Europa. Sør- og Vestlandet har eit godt utgangspunkt for etablering av denne nye næringa fordi vi har ein effektivt kraftmarknad, god forsyningsikkerheit, kjølig klima, høgt utdanningsnivå, politisk stabilitet og eit føreseieleg investeringsmiljø. Regjeringa har i tillegg lagt til rette for den nye næringa ved at el-avgifta for store datasentre er sett ned frå ordinær til redusert sats. God fiberinfrastruktur mot

utlandet og eit godt stamnett er viktig for store datasentre. Det fins allereie fleire alternative fiberveggar ut av Norge. Generelt er det god fiberkapasitet ut av landet frå Austlandsområdet. Frå Sør-Vestlandet er situasjonen ein annan, her er det få alternativ og lite konkurranse, faktorar som ofte er viktige for internasjonalt orienterte datasentre. Det er viktig at Sør- og Vestlandet får sentral ein posisjon i den framtidige satsinga på fleire fiberkablur til utlandet, styrkinga av det nasjonale fibernettet og infrastruktur knytt til databaserte næringsverksemdar. Dette vil skapa vilkår for ny vekst basert på digitalisering og datasenteretableringar. Styrka satsing på mørk fiber kan gi vilkår for ein ny grøn datasenterindustri med mange nye arbeidsplassar, samstundes som det vil bli lagt til for innovasjon og vekst i omliggande verksemdar.

6.2 Styrkinga av klyngeprogramma

Fleire aktørar ønskjer eit bransjeoverskridande klimaretta arbeid i tilknytning til dei etablerte NCE/GCE/ARENA-klyngjene. Klynger er viktige i utviklingsarbeidet og det er viktig å styrka satsinga på bedriftsnettverk og klynger, for å få til dette. For å få realisert arbeidet er det ynskjeleg med ein målretta tiltakspakke, og styrking av Klimateknologifondet og Miljøteknologiordninga til Innovasjon Norge.

7. Oppsummering

Omstillingsutvalet på Sør- og Vestlandet meiner auka satsing på tiltaka som er trekt fram, vil løysa fleire av problema som næringslivet på Sør- og Vestlandet slit med. Det vil også dempa dei negative effektane og avgrensa meirkostnadene som aukande arbeidsløyse vil ha for samfunnet. Omstillingsutvalet håpar avslutningsvis at desse innspela og synspunkta vert teke omsyn til i statsbudsjettet for 2017.

Med venleg helsing

Omstillingsutvalet på Sør- og Vestlandet

Fylkesordførar Jon Aasen, Møre og Romsdal Fylkeskommune
 Fylkesordførar Jenny Følling, Sogn og Fjordane Fylkeskommune
 Fylkesordførar Solveig Ege Tengesdal, Rogaland Fylkeskommune
 Fylkesordførar Terje Damman, Vest-Agder Fylkeskommune
 Fylkesordførar Tellef Inge Mørland, Aust-Agder Fylkeskommune
 Fylkesdirektør Anne Kverneland Bogsnes, NAV Hordaland
 Direktør Kari Holmefjord Vervik, Innovasjon Norge Rogaland
 Ove Iversen, hovudtillitsvalt ved Rosenberg Worleyparsons AS, Rogaland
 Dekan Geir Anton Johansen, Høgskulen i Bergen
 Finn Amund Norbye, administrerande direktør, MHWirth
 Fylkesordførar Anne Gine Hestetun, Hordaland Fylkeskommune (leiar)

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Arbeids- og sosialdepartementet, politisk leiing
 Klima- og miljødepartementet, politisk leiing
 Kommunal- og moderniseringsdepartementet, politisk leiing
 Nærings- og fiskeridepartementet, politisk leiing
 Olje- og energidepartementet, politisk leiing
 Kunnskapsdepartementet, politisk leiing